



NVE
Noregs vassdrags-
og energidirektorat

SKIPAVIKA NÆRINGSPARK AS
Sandevegen 631
5977 ÅNNELAND

Vår dato: 01.07.2024

Vår ref.: 202013920-20 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Saksbehandlar: Bård Ottesen,
baso@nve.no

Søknad om endra bruksformål for Skipavika Næringspark sitt løyve til uttak av vatn og etablering av reguleringsmagasin Dam Skipavika – oversending av NVE sitt vedtak og oppdatert konsesjon

Vi viser til søknad frå Skipavika Næringspark datert 08.04.2024 om endring av bruksformål for gjeldande vassdragskonsesjon. Vi viser også til supplerande opplysningar i revidert rapport frå Multiconsult datert 02.04.2024. Nytt formål er som prosessvatn til produksjonsanlegg for grøn ammoniakk ved Skipavika Green Ammonia, samt uttak av vatn til beredskap ved eventuell brann (brannvatn) til industrianlegget.

Skipavika Næringspark fekk den 03.06.2022 konsesjon frå NVE til uttak av vatn og å etablere reguleringsmagasin Dam Skipavika. Det vart gitt løyve til å regulere Dam Skipavika 9,5 meter mellom LRV kote 15,50 og HRV kote 25,00. Maksimalt uttak av vatn er 100 l/s. Maksimalt gjennomsnittleg uttak over året er avgrensa til 17,3 l/s (1,04 m³/min). Det er ikkje sett krav til slepp av minstevassføring frå Dam Skipavika.

Arbeidet knytt til vassdragskonsesjonen av 03.06.2022 er ikkje påbegynt. Gjennomføring av oppdrettsanlegget er foreløpig uklart og det vert no søkt om å endre bruksformål for konsesjonen.

Søknad om endra bruksformål

Skipavika Næringspark skriv følgjande i deira søknad av 08.04.2024:

«Skipavika Næringspark AS er i vedtak datert 3.6.2022 (NVE-ref.: 202013920-14) tildelt konsesjon etter vannressursloven § 8 for vannuttak og regulering av vann til Viking Aqua sitt landbaserte oppdrettsanlegg i Skipavika.

Gjennomføring av oppdrettsanlegget er foreløpig uklart og det søkes nå om endret bruksformål på konsesjonen. Nytt formål er som prosessvann til Skipavika Green Ammonia produksjonsanlegg for grøn ammoniakk, samt brannvann til industrianlegget. Brannvann krever et noe høyere maksimalt uttak enn tidligere omsøkt (120 l/s vs 100 l/s), men er av begrenset varighet på inntil 4 timer. Maksimalt gjennomsnittlig uttak over året forblir uendret.



Etter vannressursloven, jf. § 8, om tillatelse til:

- å ta ut inntil 120 l/s fra bekk/tjern på Sandøyna (vassdragsnummer 068.2) og et maksimalt gjennomsnittlig uttak over året på 1,04 m³/min til prosessindustri på Skipavika Næringspark
- å bygge dam og regulere mellom LRV på kote 15,5 og HRV på kote 25

Nødvendig opplysninger om tiltaket fremgår av vedlagte utredning.»

Skildring av tiltaket

Skipavika Green Ammonia (SkiGA) planlegg bygging av eit produksjonsanlegg for grøn ammoniakk på Skipavika Næringspark sitt område. SkiGa oppgir at produksjonen vil ha eit kontinuerleg vassbehov på 25 m³/time, som tilsvarar 0,42 m³/min (7 l/s). Dette er ca. 40 % av omsøkt vassuttak på 1,04 m³/min. Enkelte trinn i produksjonsprosessen, for eksempel ved oppstart, vil krevje eit høgare vassforbruk på inntil 60 m³/time, eller 1,0 m³/min.

Behov for brannvatn er berekna til 400 m³/time over fire timar. Dette tilsvarar 6,67 m³/min og totalt 16 000 m³. Rør for vassuttak vil plasserast slik at eit tilstrekkeleg volum til brannvatn til ei kvar tid vil vere tilgjengeleg i magasinet. Røyr for å sikre ein maks kapasitet på 120 l/s til brannvatn vert auka frå 200 til 400 mm.

Forutan noko større diameter og kapasitet på det eine av dei to utløpsrøyra vert det ikkje endringar i tekniske inngrep samanlikna med det som vart vurdert ved behandling av konsesjonssaka i 2022.

NVE si vurdering

Skipavika Næringspark søker no om å endre bruksføremål frå produksjon av settefisk til produksjon av amoniakk og anna industriføremål. Det vert også søkt om å auke maksimalt uttak av vatn frå 100 l/s til 120 l/s. Maksimalt gjennomsnittleg uttak over året vert som tidlegare avgrensa til 17,3 l/s (1,04 m³/min). Det vert ikkje søkt om endringar i regulering av Dam Skipavika.

Førre søknad frå Skipavika Næringspark om å utnytte vatnet til produksjon av settefisk var på høyring vinteren 2021. Gulen kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland gav uttale, ingen av desse høyringspartane hadde større merknadar til planane.

NVE vurderer at endringane ikkje vil påverke allmenne interesser ut over det som tidlegare er vurdert. NVE har difor ikkje sendt søknaden om endringane på ny høyring.

Det påverka området er sett av til industriføremål og området er betydeleg påverka av inngrep. Området vert ikkje nytta i friluftssamanheng og tiltaket er ikkje synleg frå fjorden. Ut i frå tilgjengeleg kunnskap vurderer NVE det som lite sannsynleg at tiltaket vil føre til nemneverdig skade eller ulempe for allmenne interesser knytt til biologisk mangfald. NVE kjenner ikkje til viktige allmenne interesser som vil bli negativt påverka av tiltaket.



Vedtak

NVE vurderer at fordelane av det omsøkte tiltaket er større enn skadar og ulemper for allmenne og private interesser, slik at kravet i vassressurslova § 25 er oppfylt. NVE gjev Skipavika Næringspark AS løyve etter vassressurslova § 8 til uttak av vatn og regulering av Dam Skipavika. Løyvet er gjeve på nærare fastsette vilkår.

Oppdatert konsesjonsdokument er lagt ved dette brevet. Endring i vassdragskonsesjonen gjeld føremål og post 1, som angir reguleringsgrenser og vassuttak. Oppdateringa inneber ikkje endringar i forhold til regulering av Dam Skipavika, vurdert i Bakgrunn for vedtak av 03.06.2022 (NVE referanse 202013920-14). Øvrige vilkår i konsesjonsdokumentet er som i opphavleg konsesjon av 03.06.2022. Ny frist for oppstart vert tre år frå dette vedtaket.

Om klage og klagerett

Sjå vedlegg om rett til å klage.

Med helsing

Carsten S. Jensen
konsesjonsansvarleg

Gry Berg
seksjonssjef

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent i tråd med interne rutinar

Mottakarliste:

SKIPAVIKA NÆRINGSPARK AS

Kopimottakarliste:

GULEN KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE